

NAUSTDAL KOMMUNE

MØTEBOK

SAK NR.: 12/2005 Utval: HELSE- OG SOSIALKOMITEEN
 Sakshands: KJELL SKAFLESTAD

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 05/03121	Dok.nr.: 27
Arkivkode: 416.0	Dato: 03.11.05
SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

HELSE- OG SOSIALKOMITEEN		Møtedato: 20.10.2005	Sak nr.: 12/2005
Jour.nr: 2005/2199	Arkivnr:	Møtt:	Mappe:
Sakshandsamar: KS		Avgj. av:	

NY ARBEIDS OG VELFERDSFORVALTNING - HØYRING

Vedlegg:

- Arbeids og sosialdepartementet, Høyringsnotat om forslag til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltninga og tilpasningar til visse andre lover. (Kap. 1, Innleiing og samandrag)

Saksopplysningar:

Regjeringa la i St.prp. nr. 46 (2004-2005) fram forslag til ny arbeids- og velferdsforvaltning. Stortinget gav si tilslutning til forslaget 31. mai 2005. Eit hovedmål for organisasjonsreforma er at fleire skal tilbakeførast til arbeid eller aktiv verksemd, slik at færre har trygd eller stønad som hovedinntekt. Vidare tek reforma sikte på ein meir brukarvennleg, samordna og effektiv velferdsforvaltning. Det statlige ansvaret, som i dag er delt på to etatar - Aetat og trygdeetaten - vert samla i ein ny etat; arbeids- og velferdsetaten. Det skal etablerast ei førstelinjeteneste med eit arbeids- og velferdskontor i kvar kommune. Som eit minimum skal også kommunane sine oppgåver etter Sosialtenestelova § 5, økonomisk sosialhjelp, leggst til arbeids- og velferdskontoret. I samarbeidsavtale mellom den statlege arbeids- og velferdsetaten og den einskilte kommune, kan det avtalast i kva grad også andre kommunale tenester skal leggst til arbeids- og velferdskontoret.

Det er naudsynt med lovendringar for å etablere den nye statsetaten og gje organisatoriske bestemmelsar for denne, i tillegg til å gje eit rettsleg rammeverk for det lokale samarbeidet mellom statsetaten og kommunane. Det er også behov for lovendringar for å legge betre til rette for effektivt samarbeid og ivaretaking av personvern og taushetsplikt.

Føreliggande høyringsnotat inneheld framlegg til lovendringar som omfattar dei lovreglar som må til for å etablere ein ny statleg etat. Det vert og føreslått lovgrunnlag for etablering av ein felles førstelinjeteneste i samarbeid mellom stat og kommune, inklusiv bestemmelsar som sikrar at personvernet vert ivareteke i eit tett samarbeid mellom stat og kommune om og med felles brukarar.

Helse og sosialkomiteen har i møte 08.09.2005 valt Marit Varpe Kaasen til i samarbeid med seksjonsleiar Sosial, og rådgjevar, å utarbeide eit framlegg til uttale frå Naustdal kommune.

Etter avtale med ordføraren er det lagt opp til at Kommunestyret gjev Helse- og sosialkomiteen fullmakt til å utforme uttale på vegne av kommunen.

Vurdering:

"Høyringsgruppa" oppnemnd av HSK 08.09.2005 har vore samla til eitt møte. Gruppa ser det lite føremålstenleg å legge arbeid i å kommentere dei konkrete lovendrings-framlegga i høyringsdokumentet. Ein finn det heller ikkje konstruktivt å kommentere sjølve grunntanken i Stortingsmelding 46, sidan denne har brei tilslutning i Stortinget. Gruppa har difor konsentrert seg om tilhøve ved vidare planlegging og gjennomføring av reformen, som ein meiner kan ha betydning for kommunen.

Rådmannen sluttar seg til gruppa sitt framlegg til slik uttale frå Naustdal kommune:

TILRÅDING :

Naustdal kommune er positiv til ei samordning av tenestetilbodet som i dag ligg til sosialtenesta, trygdekontoret og a-etat, og trur ei slik samordning vil ha positiv verknad både for tenestemottakarar og tenesteytarar.

Med fleire ulike avtaleverk som grunnlag for tilsetting, ulike lov og regelverk som grunnlag for utøving av tenestene, og med delt finansiering mellom stat og kommune, ser ein likevel mange praktiske utfordringar som må løysast for å få arbeids- og velferdskontoret til å fungere som ei eining. Ein spør seg difor om det ikkje ville vere fornuftig å ta steget fullt ut, og legge opp til full samordning også på det overbyggande rammeverket.

Kommunestyret legg til grunn at også ein liten kommune som Naustdal skal ha eit arbeids- og velferdskontor med kapasitet og kompetanse til å yte dei fleste tenester som fell inn under dette fagområdet. Som eit minimum må dette bety at etaten beheld den samla personalressursen som i dag utgjer det kommunale sosialkontoret og det lokale trygdekontoret, i tillegg til at deler av personalressursen ved regionalt a-etat-kontor vert tillagt det nye førstelinje-kontoret i kommunen.

Ein føreset elles at kostnadene med førebuing og gjennomføringa av reformen, vert dekkja ved statlege løyvingar til t.d. fysisk tilrettelegging av kontor, IKT og andre hjelpemiddel og til kompetansetiltak.

HANDSAMING I HELSE- OG SOSIALKOMITEEN

Framlegg frå Marit Varpe Kaasen:

Ny tekst 1. avsnitt:

Naustdal kommune er positive til etablering av lokalt arbeids- og velferdskontor ved ei samordning av tenestetilbodet som i dag ligg til sosialtenesta, trygdekontoret og a-etat,

.....

I andre avsnitta vert siste setning stroken og erstatta med:

Naustdal kommune meiner at kommunal forankring må få konsekvens for regionalt og sentralt nivå, og går i mot at den nye etaten skal få fullmakt til sjølv å bestemme organiseringa på desse nivåa.

Framlegg frå Oddvar Reiakvam:

Ny tekst 1. setning 3. avsnitt:

Kommunestyret legg til grunn at også ein liten kommune som Naustdal skal ha eit arbeids- og velferds kontor med kapasitet og kompetanse til å yte dei tenester som fell inn under desse fagområda.

Rådmannen si tilråding med endringsframlegga frå Marit Varpe Kaasen og Oddvar Reiakvam vart deretter samrøystes vedteke.

Det er etter dette gjort slikt

VEDTAK :

Naustdal kommune er positive til etablering av lokalt arbeids- og velferds kontor ved ei samordning av tenestetilbodet som i dag ligg til sosialtenesta, trygdekontoret og a-etat., og trur ei slik samordning vil ha positiv verknad både for tenestemottakarar og tenesteytarar.


Med fleire ulike avtaleverk som grunnlag for tilsetting, ulike lov og regelverk som grunnlag for utøving av tenestene, og med delt finansiering mellom stat og kommune, ser ein likevel mange praktiske utfordringar som må løysast for å få arbeids- og velferdskontoret til å fungere som ei eining. Naustdal kommune meiner at kommunal forankring må få konsekvens for regionalt og sentralt nivå, og går i mot at den nye etaten skal få fullmakt til sjølv å bestemme organiseringa på desse nivåa.

Kommunestyret legg til grunn at også ein liten kommune som Naustdal skal ha eit arbeids- og velferds kontor med kapasitet og kompetanse til å yte dei tenester som fell inn under desse fagområda. Som eit minimum må dette bety at etaten beheld den samla personalressursen som i dag utgjer det kommunale sosialkontoret og det lokale trygdekontoret, i tillegg til at deler av personalressursen ved regionalt a-etat-kontor vert tillagt det nye førstelinje-kontoret i kommunen.

Ein føreset elles at kostnadene med førebuing og gjennomføringa av reformen, vert dekkja ved statlege løyvingar til t.d. fysisk tilrettelegging av kontor, IKT og andre hjelpemiddel og til kompetansetiltak.

Rett utskrift.

Dato : 27.10.2005



UTSKRIFT TIL

Arbeids- og sosialdepartementet, postboks 8019, Dep, 0030 OSLO